

Alver kommune  
Avdeling for samferdsle, veg, vatn og avløp  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/2440 - 22/46364

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:  
27.06.2022

## Dispensasjon og rammeløyve for etablering av ny hovudvassleidning - gbnr 441/9 Birkeland

**Administrativt vedtak:** **Saknr: 685/22**  
**Tiltakshavar:** Alver kommune  
**Ansvarleg søker:** Haugen Vva AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett.

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealformål LNF, arealformål friluftsområde og frå byggjegrense mot sjø og vassdrag i kommuneplan for Radøy kommune - rev.2019.**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve rammeløyve for etablering av ny hovudvassleidning med tilhøyrande kummer slik som omsøkt. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:**

1. Tiltaket skal plasserast som synt på situasjonsplan/teikningsnr. GH01 datert 17.09.2021 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Dersom det ved arbeid vert avdekkta kulturminne ved gjennomføring av tiltaket skal Vestland fylkeskommune varslast, og alt arbeid stansast inntil funnet er vurdert., jf. kulturminnelova § 8, 2. ledd.
3. Det skal søkjast Vestland fylkeskommune om grave- og framføringsløyve.
4. NVE sine vilkår om gravearbeid på lågast mogleg nivå og tiltak for å hindre tilførsel av finpartikulaert materiale skal gjelde ved gjennomføring av tiltaket.
5. Avbøtande tiltak i naturmangfaldsrapporten kap. 7 skal etterkommas ved gjennomføring av tiltaket. Arbeid i sone A og D kan berre gjennomførast i tidsrommet mellom 1. august og 15. mars.
6. Av omsyn til landbruksinteresser skal arbeida gjennomførast innanfor ein periode som er til minst mogleg skade for drift av landbruksareala.
7. Kantvegetasjon kan ikkje fjernast utan løyve frå Statsforvaltaren jf. Vassressurslova § 11.

**Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgande ligge føre:**

1. **Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk.**

**Tiltak**

Saka gjeld søknad om ny hovudvassleidning i ei lengd på om lag 3340 meter. Leidningen skal erstatte dagens vassleidning som er i dårlig stand. Ny leidning vert lagt langs Hellandsvegen, gjennom Byrkjelandsvatnet. Vidare hovudsakleg parallelt med eksisterende vassleidning fram til Grindheimsvegen. Leidningsgrøft skal etablerast gjennom dyrka mark og skogsareal langs Radøyvegen. Vassleidning vert delvis lagt i borehol, trase vil krysse bekk på to stadar (gbnr. 441/9 og 433/12.)

Søknaden omfattar naudsynt grunn- og terregnarbeid og leidningsnett/kummer. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Det er søkt om dispensasjon frå arealformål LNF, arealformål friluftsområde og frå byggjegrense mot vassdrag/bekk/elv.

Saka omfattar også søknad om dispensasjon veglova §29 jf. §30 bygging av røyrleidningar nærmare enn 50 meter frå fv. 5484 Radøyvegen og fv.5488 Hellandsvegen og fv. 5490 Grindheimsvegen.

Det vert elles vist til søknad motteken 16.03.2022.

Ansvarleg søker skildrar tiltaket slik:

Alver kommune ved Teknisk forvaltning og drift skal legge ny ø250mm hovedvannledning i en lengde på omrent 3340m. Ledning skal erstatte dagens vannledning, som er i dårlig stand.

Ny vannledning legges fra eksisterende nett langs Hellandsvegen (kum V1 på Gnr/Bnr. 440/1) og gjennom Byrkjelandsvatnet. Videre legges nytt ledningsnett hovedsakelig parallelt med eksisterende vannledning fram til Grindheimsvegen (mellan Gnr/Bnr. 441/2 og 432/1). Ledningsgrøft etableres gjennom dyrket mark og skogsareal langs Radøyvegen. Vannledning legges i borehull gjennom fjell på Gnr/Bnr. 441/3 (kum V3-V4) og 433/18 (kum V7-V8). Trase vil krysse bekk på to plasser (Gnr/Bnr. 441/9 og 433/12).

Stikkledninger til eiendommer langs traseen vil bli omlagt. Det samme gjelder kommunal vannledning til Hella (fra kum V15 på Gnr/Bnr. 433/15). Drensledninger legges fra vannkummer og i ledningsgrøft.

Mindre justering av terrenghøyde vil bli utført for å oppnå tilstrekkelig overdekning på rørledningen.

**Sakshandsamingsfrist**

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 16.03.2022 og frist for sakshandsaming er 12 veker frå denne dato. Fristen går ikkje den tida søknaden ligg til uttale hjå regionale og statlege mynde. Endeleg frist i saka er 07.07.2022.

**Planstatus**

Tiltaket si utstrekning ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplan for Radøy rev. 2019 er definert som LNF-område og som friluftsområde (Byrkjelandsvatnet)

**Dispensasjon**

Tiltaket krev dispensasjon frå arealformål LNF, arealformål friluftsområde og frå byggjegrense mot sjø og vassdrag i kommuneplan for Radøy kommune- rev.2019.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

Dagens kommunale vannledning er i dårlig stand og det oppstår opptil flere vannledningsbrudd per år. Teknisk forvaltning og drift ønsker derfor å etablere ny vannforsyning som tilfredsstiller dagens krav. Viktig for å sikre tilfredsstillende og stabil vannforsyning til forbrukere, spesielt næringslivskunder, i denne delen av Alver kommune. Røret skal erstatte dagens vannledning. Grunna dårlig kvalitet på dagens rør er det en til flere vannledningsbrudd på dette strekket hvert år. Dette gir stopp i vannforsyning til forbrukere og store kostnader for Alver kommune for reparasjoner.

Ny vannledning inngår i Alver kommune sin Hovedplan for drikkevannsforsyning. Tiltaket har høy prioritet.

Kryssing av bekk vil bli utført med legging av varerør for trekking av vannledning under bunn på bekk. Vil erstatte dagens kryssinger som delvis er synlig og som reduserer tverrsnittet på bekkeløpet.

Inngrep vil bli utført etter føringer i rapport om naturmangfold og så skånsomt som mulig. Gjennomføring tilpasses hekkesesong for fugler og slåttesesong for dyrket mark. Alle vannføringsveier vil bli opprettholdt. Terrenget vil bli tilbakeført slik at gressbakke for forproduksjon kan bli etablert over det meste av rørtrase. Tiltaket vil ikke være synlig etter anleggsslutt. Bygging av røranlegg utføres etter grunnavtaler mellom Alver kommune og grunneiere. For strekk hvor ny trase vil følge dagens rørledning vil det bli inngått gjennomføringsavtale mellom Alver kommune og grunneiere.

Vi meiner at bygging av ny hovedvannledning vil gi store fordeler for innbyggere i Alver kommune med trygg vannforsyning. Disse vil være større enn de ulempene som tiltaket fører til i forhold til legging av vannledning innenfor byggegrense langs vassdrag og i LNRF-område.

Tiltaket krev også dispensasjon fra Veglova § 29, jf. §30, bygging av rørleidning nærmere enn 50 meter fra fv.5484 Radøyvegen.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

**Ny trase vil delvis følge eksisterende vannledning for å redusere inngrep på private eiendommer.**  
Dersom det bli avdekket at ledningsgrøft kommer i konflikt med vegfundamentet til fylkesvegen vil trase bli forskjøvet bort fra veggant.

## **Uttale frå anna styresmakt**

Saka har vore sendt på høyring til regionale og lokale mynde, høyringsfrist var 30.04.2022. Statsforvaltaren i Vestland og Vestland fylkeskommune får vedtaket til klagevurdering.

Det ligg føre slik uttale frå Statsforvaltaren i Vestland daterd 27.04.2022:

### Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispesert ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Det er vurdert at det er naturmangfaldverdiane i området. Det er mellom anna registrert ask fleire stader og fleire raudlista fuglearter. Om verknad av tiltaket står det mellom anna:

*«Selv om verdien av nevnte områder er svært stor når det gjelder funksjon for hekkende fuglearter, er det vurdert at gjennomføringen av tiltaket (nytt VA-anlegg) ikke behøver å gi store negative virkninger. Gjennomføring av anleggsarbeidet i sone A og D utenom hekkesesongen vil løse det meste av de potensielle konflikter med rødlistede fuglearter. Mht dyreliv i vann er vår vurdering at gjennomføring av tiltaket i Byrkjelandsvatnet vil ha temporære, negative virkninger, dvs. at nedgraving av vannledninger vil påvirke vannmiljøet over en kort periode før dyreliv og planter reetablerer seg. Minst mulig inngrep/graving er imidlertid et råd (se avbøtende tiltak).»*

Det er viktig at avbøtande tiltak i kap 7 i naturmangfaldrapporten vert følt opp. Det må settast vilkår om dette i eit eventuelt positivt dispensasjonsvedtak.

Tiltaket vil også gå igjennom dyrka mark, og det bør settast vilkår om at anleggsarbeidet skal gjennomførast i ein periode som er minst mogleg skadeleg for drift av landbruksareala.

### Kantvegetasjon

Det er uklart i kva grad tiltaket vil føre til fjerning av kantvegetasjon. Det er i utgangspunktet ikkje lov å fjerne kantvegetasjon utan løye frå Stasforvaltaren jf. § 11 i vassressurslova. Vi viser til vår [nettseite](#) for meir innformasjon om kantvegetasjon.

Statsforvaltaren ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Det ligg føre slik uttale frå Vestland fylkeskommune ved avdeling for kultur, idrett og inkludering, daterd 23.06.2022:

Arkeologar frå Vestland fylkeskommune gjennomførte synfaring i det gjeldande arealet 22.06.2022. Det vart ikkje påvist synlege automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg nasjonal eller regional verdi under synfaringa. Det er ikkje trond for ytterlegare arkeologiske registreringar. Vi ber likevel om at det vert teke omsyn til kulturlandskapstrekk som steingardar, bakkemurar, tufter, eldre vegfar m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

Vestland fylkeskommune har ingen vidare merknader i saka i samband med kulturminne.

Det ligg føre slik uttale frå Vestland fylkeskommune ved avdeling for Infrastruktur og veg, datert 31.03.2022:

Det er søkt om dispensasjon fra byggegrense for å etablere ny hovedvannledning langs fv. 5484 Radøyvegen, mellom Hellandsvegen og Grindheimsvegen. Ifølge situasjonsplanen kommer det også et punkt like ved fv. 5488 Hellandsvegen.

Vi ser at traseen det er søkt om vil komme svært nærmee fylkesvegen noen steder, som vi er kritiske til. Og det må søkes om graveløyve for hele traseen som gjøres her; <https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/grave-og-framforingsloyve/>

Det står i søknaden «dersom det blir avdekket at ledningsgrøft kommer i konflikt med vegfundament til fylkesvegen vil trase bli forskjøvet bort fra vegkant». Med dette som opplysning så mener vi at tiltaket kommer for nærmee vegfundamentet og vi ber derfor om at dere ser på løsninger for å legge traseen lengre bort fra fylkesvegen.

I tillegg ser vi at deler av traseen vil gå i myrområder som må avklares nærmere med rette myndighet, før Vestland fylkeskommune kan ta stilling til både søknad om dispensasjon fra byggegrense og søknad om graveløyve.

Det ligg føre slik uttale frå Norges vassdrags- og energidirektorat, datert 25.04.2022:

**NNI Resources har i NNI-rapport 598 vurdert tiltaket sine konsekvensar for naturmangfoldet.** Dei konkluderer med at tiltaket vil ha små konsekvensar. Konsulentane rår til avbøtande tiltak, som å gjere anleggsarbeidet utanfor hekkesesongen, gravearbeid på lågast mogeleg nivå, og tiltak for å hindre tilførsel av finpartikulært materiale. NVE rår dykk til å sette vilkår om dette dersom de gir dispensasjon. Vi vil i tillegg rå til at de set som vilkår å sette i stand kantsona til bekkene slik at inngrepet ikkje gir angrepspunkt for erosjon, og at det vert lagt til rette for snarleg reetablering av kantvegetasjon.

Det er ikkje naudsynt med ytterlegare handsaming/vurdering av tiltaka etter vassressurslova.

Det ligg føre slik uttale frå Alver kommune landbrukskontoret, datert 27.04.2022:

Det går fram av den vedlagte søknaden at det er gjort ein grundig jobb med å vurdera tiltaket sin verknad på natur og landbruk.

Landbruksavdelinga har ikkje kapasitet pr. no til å gjera ei grundig vurdering av konsekvensar arbeidet kan ha spesielt for landbruket. Me vil peika på at å sikra god vassforsyning er ei viktig samfunnsoppgåve for kommunen og at dette arbeidet naturleg vil gje ein del ulemper mellom anna for landbruket, spesielt i anleggsfasen.

Basert på erfaring frå liknande prosjekt vil me difor gje nokre korte merknader.

- God dialog med gardbrukarane om kva som skal skje og når arbeidet vil føregå.
- Unngå graving på jordbruksarealet i vekstsesongen, dersom dette ikkje er råd må avlingstap for bønder kompenserast.
- Vera obs på driftsulemper for aktive bønder i anleggsperioden t.d gjerder som vert tatt ned, redusert tilkomst til areal. Avbøtande tiltak
- Setja krav om at der leidning går gjennom dyrka mark, må tilstanden til jorda (jorddjupne/steininnhald/hevd) vera minst like god som før arbeidet vart sett i gong
- Vera spesielt observant der leidning kryssar eksisterande landbruksgrøfter – desse må skøyta saman på rett måte.
- Minst mogleg kjøring på jordbruksareal for å unngå jordpakking- ikkje kjøring på våt jord
- Unngå arbeid på jordbruksareal i nedbørrike periodar

Landbruksavdelinga kan bistå undervegs i arbeidet dersom det er trond for det.

For uttaler i heilskap vert det vist til dokumenta i saka.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikke føre merknader frå nabo.

### **Plassering**

Tiltaket og traseen si utstrekning er synt på situasjonsplan/teikningsnr GH01 datert 17.09.2021. Tiltaket er plassert i nærleiken av offentleg veg. Vegstyremakta har i brev av 28.04.2022 sett følgjande vilkår for plassering:

1. Tiltaket skal være i samsvar med situasjonsplan, datert 17.09.2021
2. Avstanden fra til senterlinjen på fylkesveg 5488 Hellandsvegen, fylkesveg 5484 Radøyvegen og fylkesveg 5490 Grindheimsvegen blir ikke definert i dette løyet, men skal avklares i graveløyve. Tiltaket skal ligge lengst mulig bort fra fylkesvegene.
3. Det skal søkes om grave- og framføringsløyve for tiltaket, som gjøres via her, <https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjoner/grave-og-framforingsloyve/> Graveløyvet skal si mer om avstanden til fylkesvegen og hva som er tillatt å gjøre langs fylkesvegene.

### **Vatn og avløp (VA)**

Ny hovudvassleidning inngår i Alver kommune sin Hovudplan for drikkevassforsyning. Tiltaket er opplyst til å ha høg prioritet.

### **Tilkomst, avkjørsle og parkering**

Ikkje relevant for tiltaket.

### **Terrenghandsaming**

Situasjonsplanen viser traseen si utstrekning og plassering av kummar.

## **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

## **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast i samsvar med byggeteknisk forskrift (TEK).

## **Avfallsplan**

Alt avfall skal leverast som næringsavfall til mottak godkjent av forureiningsstyremakta.

## **Privatrettslege tilhøve**

Administrasjonen ved avdeling Plan og byggesak legg til grunn at tiltaket har sikra dei naudsynte private rettar til å kunne gjennomføre tiltaket.

## **VURDERING:**

### **Dispensasjon**

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispenseset frå ikkje verte vesentleg sett tilside. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styremakt har gjeve negativ uttale til søknaden.

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen. Vilkåra må ligge innanfor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulempar dispensasjonen kan medføre.

### Arealformål LNF.

Føremålet er område for landbruk, natur og friluftsliv.

I LNF-område er det berre høve til å føre opp naudsynte bygningar og anlegg i samband med stadbunden primærnæring.

Tiltaket er viktig for stabil framføring av kommunalt drikkevatn til den nordlege delen av Radøy. Tiltaket har høg prioritet i Alver kommune sin Hovudplan for drikkevassforsyning.

Samfunnsinteresser må vektleggjast høgt i denne saka, landbruksinteressene vert i varetatt ved at slåttemark vert reetablert og at tiltaket ikkje vil vere synleg etter anleggslutt.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå arealformål LNF er oppfylt.

### Arealføremål friluftsområde.

Omsynet bak arealføremålet er å setje av område som skal nyttast til rekreasjonsareal, for ålmenn bruk og friluftsliv.

Det er Byrkjelandsvatnet som i kommuneplanen er definert som friluftsområde. Ved å leggje ein vassleidning gjennom Byrkjelandsvatnet vil ikkje friluftsinteressene i området verta påverka.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå arealformål friluftsområde er oppfylt.

### Byggjegrense mot vassdrag/elv/bekk.

Omsynet bak byggjegrensen mot vassdrag, elv og bekk er å verne disse mot byggetiltak og terrengeinngrep for å sikre natur- og kulturmiljø, biologisk mangfald, friluftsliv, landskap og årmentas interesser. Bevaring av vegetasjon langs kantsona står og i fokus.

Søkjer opplyser at kryssing av bekk vil verte utført med legging av varerør for trekking av vassleidning under botn på bekk, dette vil erstatte dagens kryssingar som delvis er synlege og reduserer tverrsnittet på bekkeløpet byggjegrensen. Inngrep vil bli utført etter føringar i rapport om naturmangfald og så skånsamt som mogleg. Gjennomføring tilpassast hekkesesong for fuglar og slåttesesong for dyrka mark,

Alle vassføringsvegar vil verte opprettholdt. Terrenget vil bli tilbakeført slik at grasbakke for forproduksjon kan bli etablert over det meste av rørtrasen. Tiltaket vil ikke vere synleg etter anleggslutt.

Kommunen vurderer at omsyna bak byggjegrensen ikkje vert vesentleg sett til side, sjølv om arbeidet er i nærleiken av vassdraget

Ved at arbeid vert lagt til tidsrom utanfor hekkesesong er risikoen for innverknad på naturmiljø og biologisk mangfald låg. Landskapet vil vere uendra etter arbeidet, og friluftsinteressene vil heller ikkje bli innskrenka. Det er viktig at det under arbeidet vert teken omsyn til kantvegetasjonen langs vassdraget, og at ein prøver å unngå avrenningar ut i vassdraget.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå byggjegrense mot vassdrag/elv/bekk er oppfylt.

Ansvarleg søker har grunngjeve søknad om dispensasjon med opplysningar om at dagens vassleidning er i dårleg stand og det oppstår fleire vassleidningsbrot kvart år. Teknisk forvaltning og drift ynskjer å etablere ny vassforsyning som tilfredsstiller dagens krav. Det er viktig å sikra tilfredstillande og stabil vassforsyning til forbrukarar, særleg næringslivskundar i denne delen av Alver kommune. Leidningen skal erstatte dagens vassleidning. Grunna dårleg kvalitet på dagens rør er det fleire vassleidningsbrot på dette strekket kvart år. Dette gjer stopp i vassforsyninga til forbrukarane og store reparasjonskostnader for Alver kommune.

Ansvarleg søker meiner at bygging av ny hovudvassleidning vil gje store fordelar for innbyggjarar i Alver kommune med trygg vassforsyning. Dese vil være større enn dei ulempene som tiltaket fører til i forhold til legging av vassleidning innanfor byggegrense langs vassdrag og i LNF-område.

I vurderinga av fordelar og ulempar har kommunen særleg lagt vekt på ansvarleg søker si vurdering om ei framtidig tilfredstillande og stabil vassforsyning er viktig for beboarane i denne delen av Alver kommune. Tiltaket inngår i Alver kommune sin hovudplan for drikkevassforsyning og har høg priorititet.

### **Dispensasjon frå Veglova**

Det er også søkt om dispensasjon frå Veglova § 29, jf. §30, bygging av røyrleidning nærmare enn 50 meter frå fv. 5484 Radøyvegen.

Vestland fylkeskommune, avdeling for Infrastruktur og veg har den 28.04.2022 gjeve følgjande dispensasjon:

## Vedtak

Med hjemmel i veglova § 30 og § 34 gir vi dispensasjon fra byggegrensen mot fylkesveg 5488 Hellandsvegen, fylkesveg 5484 Radøyvegen og fylkesveg 5490 Grindheimsvegen for å legge ny hovedvannledning på gnr. 441 bnr. 9 mfl. i Alver kommune.

## Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal være i samsvar med situasjonsplan, datert 17.09.2021
2. Avstanden fra til senterlinjen på fylkesveg 5488 Hellandsvegen, fylkesveg 5484 Radøyvegen og fylkesveg 5490 Grindheimsvegen blir ikke definert i dette løyet, men skal avklares i graveløye. Tiltaket skal ligge lengst mulig bort fra fylkesvegene.
3. Det skal søkes om grave- og framføringsløyve for tiltaket, som gjøres via her, <https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/grave-og-framforingsloyve/>. Graveløyet skal si mer om avstanden til fylkesvegen og hva som er tillatt å gjøre langs fylkesvegene.
4. Dersom tiltaket vil føre til endringer i forbindelse med tilkomsten til eiendommen, må det fremdeles være opparbeidet tilstrekkelig areal til å kunne snu på eiendommen for å unngå rygging på offentlig veg. Siktkrav til eiendommen sin avkjørsel må følges.
5. Tiltaket må ikke brukes til andre formål enn det dispensasjonen gjelder.
6. Det kan ikke kreves erstatning for skader og ulemper som følge av at bygningen/innretningen ligger nær fylkesveg 5488 Hellandsvegen, fylkesveg 5484 Radøyvegen og fylkesveg 5490 Grindheimsvegen
7. Arbeidet må være startet opp innen tre - 3 - år fra dispensasjonen er gitt, om ikke faller dispensasjonen bort.

## Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av situasjonsplan/tekningsnr GH01 datert 17.09.2021.

## Privatrettslege tilhøve

Administrasjonen ved avdeling Plan og byggesak legg til grunn at tiltaket har sikra dei naudsynte private rettar til å kunne gjennomføre tiltaket. Det opplyst følgjande i søknaden:

**Bygging av røranlegg utføres etter grunnvatnaler mellom Alver kommune og grunneiere. For strekk hvor ny trase vil følge dagens rørledning vil det bli inngått gjennomføringsavtale mellom Alver kommune og grunneiere.**

## Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

## Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen.

Tiltaket ligg i nærleik til områder der det er mellom anna observert fleire ulike trua fuglearter.

For å unngå negative verknadar (og dermed stor negativ konsekvens), er det anbefalt at anleggsarbeidet vert utført utanom hekkeperioden, anbefalt anlegsperiode er mellom 1. august og 15. mars. I sone A og sone D skal det ikkje utførast arbeid i hekketida.

Det er også lagt vekt på at traséen vert lagt slik at asketrea vert bevarte.

Kommunen har lagt vekt på «NNI-Rapport 598 Nytt VA-anlegg Ishuset-Byrkjeland til Hella, Alver kommune. Vurdering av virkninga på naturmangfaldet.»

I Kap. 7 er det lista følgjande avbøtande tiltak:

Plan om nytt VA-anlegg mellom Ishuset og hella, vest på Radøy i Alver kommune, omfatter et større kulturlandskap der, i tillegg til slåttemarker og beitemarker i bruk, finnes det vann og våtmark, mye og elver skog og skog og frittstående trær.

I rapporten er hele tiltaksområdet inndelt i 4 sone, A – D, der natur og artsmangfold er omtalt med vekt på karplanter og fugler. Med grunnlag i plan med detaljert trasé, er virkninger vurdert, og avbøtende tiltak forslått. Avbøtende tiltak har to hovedinnretninger.

Der ask er påvist (rødlistet art), er VA-traséen forslått justert for å unngå at de største askene blir hogget ned. Ask er påvist i sone B, C og D og justering av traséen er forslått et par steder, dvs. i sone B og C. Voksesteder er markert i ortofoto.

I tiltaksområdet er det konkludert med to svære viktige funksjonsområder for fugler, dvs. i sone A ved Byrkjelandsvatnet, og i nord i sone D mellom Innhella og Hella. For å unngå negative virkninger (og derved stor negativ konsekvens), er det forslått av anleggsarbeidet utføres utenom hekkeperioden, anbefalt anlegsperioder er mellom 1. august og 15. mars. Særlig er en tidlighekkende art som vite (sterkt truet) sårbar for inngrep og forstyrrelser i eggleggings- og rugeperioden, dvs. fra primo april og uti juni. Etablering av territorier skjer allerede i mars måned.

Andre litt sårbare områder er strandsonen i Byrkjelandsvatnet, men det er vurdert at helofytter (sump- og våtmarksvegetasjon) og annen vannvegetasjon vil retablere seg raskt etter utført/slutført tiltak, dvs. spesifikke avbøtende tiltak er ikke nødvendig (bortsett far tidspunkter for anleggsarbeidet). Tilsvarende også for akvatiske dyreliv i de samme områdene, retablering i påvirkede avsnitt vil sannsynligvis gå relativt fort. Et råd er at gravearbeidet i våtmarken i SØ holdes på et lavest mulig nivå (funksjonsområde for rødlistet art – vannrikse).

Kryssing av elven i sone B/C er også et sårbart punkt. Risiko her er tilførsel av finpartikulært materiale til vannmiljøet, noe som kan være skadelig for vannlevende organismer. Hensyn bør derfor innarbeides i forbindelse med gravearbeidet (mindre dammør som feller partikler er et tiltak som kan fungere godt).

## Regelverk

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket set krav om ansvarleg søker, jf. pbl § 20-3.
- Dispensasjon er søknadspliktig etter pbl § 19-1.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.

- Søknad om tiltak etter plan- og bygningslova skal nabovarslas i samsvar med pbl § 21-3.
- Alle eidegar må ha lovleg tilgang til vatn og avlaup etter pbl §§ 27-1 og 27-2.
- Alle eidegar må ha sikra tilkomst til offentleg veg etter pbl § 27-4.
- Tiltak etter pbl skal utformast i samsvar med pbl §§ 29-2, jf. 29-1.
- Tiltak etter pbl skal oppførast i samsvar med byggeteknisk forskrift (TEK), jf. pbl § 29-5, med mindre det er gitt fritak etter søknad, med grunnlag i pbl § 31-2.
- Tiltaket krev avfallsplan etter TEK § 9-6.
- Tiltaket krev skildring av miljøsanering etter TEK § 9-7.
- Kommunen kan gi dispensasjon viss vilkåra i pbl § 19-2 andre ledd er oppfylt, men bør ikkje gi dispensasjon viss ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.
- Det kan setjast vilkår for ein dispensasjon, jf. pbl § 19-2 andre ledd, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.
- Ved handsaming av søknaden skal kommunen vurdere søknaden opp mot prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvært. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nyttal fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

#### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegndene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

#### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

#### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

#### **Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av tiltaket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 22/2440**

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Hogne Askeland  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Arne Helgesen			
Haugen Vva AS	Kanalveien 5	5068	BERGEN
Jan Roald Wolff Treni			